



DEN NORSKE KIRKE

Høyanger kyrkjelege fellesråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 03.12.2019

Møtebok Høyanger kyrkjelege fellesråd

Møtedato: 28.11.2019

Møtetid: kl. 10:00

Møtested: Høyanger Rådhus, Kommunestyresalen

Tilstede:

Audun Digranes, Irene Aase Aarseth, Marte Igelkjøn, Vidar Myren, Geir Ytredal, Sissel Sørebo, Runar Matsui-Li, Frode Merkesvik, May-Wenche Fossmark, Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Tonje Førde Systad, Kenneth Førde, Lars Petter Amundrud.

Meldt forfall:

Torunn Styve, Sølvi Gunn Kalstad, Solveig Norevik, Andreas Ester.

Kopi av møteboka går til:

Hilde Ullebø Thabyan, Lillian Hommedal, Erlend Andre Høyvik Haugsbø, Jarle Berge, Gunnbjørg Rosvold Friis, Ingrid Aven, Øyvind Rømo, Bodil Førde, Reidar Knapstad, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekklus, Katarina Vattekar, Gerda Otterstein, Toril Lange, Veronica Vågen, Ellinor Henjesand Austreim, Aud Kjersti Haugen, Rolf Aamot, Monica Sunde Tjønnås, Alf Magnar Svartemyr, Ingunn Østerbø, Torill Bjørkum.

Sakliste

Godkjenning av innkalling og referat frå siste møte.

Til innkallinga: Ved ein feil var ikkje rekneskapsrapport ført opp som meldingssak, men den var utsendt, og vert gjennomgått i møtet på vanleg måte. Innkalling og møtebok vart deretter godkjent.

Meldingssaker

- 000031 Søknepresten har ordet**
Sokneprest Runar las søndagens tekst.
- 000032 Rekneskapsrapport**
Rekneskapsrapport for drift og investering vart gjennomgått
- 000033 Sekretær Karin Grodås sluttar i stillinga**
Kyrkjeverja orienterte om at oppseiing er motteken, og den gjeld frå 01.12.2019
- 000034 Brannvarsling i kyrkjene**
Kyrkjeverja orienterte om korleis brannvarslinga bør vere i framtida.
- 000035 Tørkeskader på orgelet i Høyanger kyrkje**
Kyrkjeverja orienterte om skadane som er oppstått, og kva det vil koste å utbetre dei.
- 000036 Teleslynge i Høyanger kyrkje**
Kyrkjeverja orienterte
- 000037 Bispevisitas i Lavik, og i Bjordal og Ortnevik sokn**
Visitasen skal foregå i tida 4. til og med 8. desember. Visitasmelding er oversendt.
- 000038 Helgestunder**
Siste nummer av Helgestunder er no sendt til trykkeriet.

Vedtaksaker

Sak 023/19 REVIDERT BUDSJETT FOR 2020

Vedtak:

Høyanger kyrkjelege fellesråd må akseptere at den kommunale løyvinga for 2020 vert 4 175 000. Kyrkjeverja utarbeider framlegg til utgiftskutt, alternativt korleis ein kan få auka inntektene. Fellesrådet går gjennom prinsipp for kostnadsreduksjon, og gjer nødvendige vedtak ut frå kyrkjeverja sitt komande framlegg til korleis budsjettet 2020 kan salderast.

Sak 024/19 PRIORITERING AV INVESTERINGSPROSJEKT

Vedtak:

Prioriterte kyrkjeprosjekt for åra 2020 - 2023

2020: Reparasjon av glasmåleri i Høyanger kyrkje, Reparasjon av orgel i Høyanger kyrkje.

2021: Mur Vadheim gravplass, Måling Lavik kyrkje, Utvide gravkapasitet Vadheim gravplass

2022: Utvendig måling Høyanger kyrkje

2023: Nytt gjerde rundt Sæbø gravplass

Sak 025/19 FRAMFORHANDLA INTENSJONSAVTALE

Vedtak:

Det er behov for, og ynskje om eit kyrkjelydshus i Høyanger. Den utarbeidde tilstandsrapporten for Høyanger bedehus med kostnadskalkyle, og den framforhandla intensjonsavtalen med Høyanger Indremisjon og Sogn og Fjordane Indremisjon gjev eit godt grunnlag for å kome til ei avgjerd om korvidt Høyanger sokneråd bør overta Høyanger bedehus vederlagsfritt frå Høyanger Indremisjon.

Høyanger kyrkjelege fellesråd vil bruke nødvendig tid til å vurdere denne saka. Bygget ligg fint til like ved kyrkja, og har ei lang historie som bedehus i Høyanger. Det vart også i si tid brukt som interimskyrkje før Høyanger kyrkje vart bygd. Bygget har absolutt kulturhistorisk verdi.

Men det må ei omfattande utvendig og innvendig rehabilitering til for at bygget skal bli tenleg som kyrkjelydshus. Kyrkjeverja får i oppdrag å forhandle med Høyanger kommune om finansiering av denne opprustninga. Saka skal deretter opp til endeleg avgjerd i både sokneråd og fellesråd.

Sak 026/19 KONSTITUERING FELLESRÅD 2019

Vedtak:

Val av leiar: May-Wenche Fossmark fekk 9 røyster. Sturla Bell Fossen fekk 1 røyst.

Val av nestleiar: Sturla Bell Fossen fekk 6 røyster.

Sissel Sørebo fekk 2 røyster, Kari Henny Dale og Vidar Myren fekk 1 røyst kvar.

Sak 027/19 FRAMLEGG TIL MØTEPLAN 2020

Vedtak:

Høyanger kyrkjelege fellesråd vedtok at første møte i 2020 vert 30. januar kl. 10.00 på Høyanger kyrkjekontor. Møteplan for resten av året vert vedteken på det møtet.

For Høyanger kyrkjelege fellesråd

Bjørnar Otterstein
Kyrkjeverje